



Arkitekt Knut Willie Jacobsen
Lurevegen 304
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6633 - 14/21531

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
22.09.2014

Avslag på søknad om ansvarsrett og retur av søknad - gbnr 239/95 Eknes ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 275/14

Tiltakshavar: Trond Eknes
Ansvarleg søkjar: Knut Willie Jacobsen
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING/VURDERING:

Føretaket «Arkitekt Knut Willie Jacobsen» med organisasjonsnr. 980347176 har sendt inn søknad om ansvarsrett for funksjonen SØK og PRO i tiltaksklasse 1. Det vises til tidlegare tilsyn med innehaver av føretaket og særleg tilsyn i sak 09/1288 og 07/2493. Det vises også til brev frå Knut Willie Jacobsen av 27.08.2009 og 28.06.2009.

Av nyare dato vises det til kommunens brev til Seim bygg vedrørende byggesak på 54/18, der søknaden var tilrettelast av Knut Willie Jacobsen. Etter mottakskontroll av saka sendte kommunen ut eit mangelbrev med 15 avvikspunkt. Føretaket «Knut Willie Jacobsen» ved innhaver synes ikkje å kunne ivareta krava gitt i eller med heimel i plan- og bygningslova.

Innehaver har tidlegare vist seg ikkje å vere kvalifisert til å inneha rollene som ansvarleg søkjar eller prosjekterande. Bygningsstyresmaktene kan ikke gi ansvarsretter til føretaket då det tidlegare er dokumentert, gjennom fleire tilsyn, at innehavar ikkje fyller dei krav som stilles til «pålitelighet og dugelighet».

Det gis ikkje ansvarsrett til føretaket «Arkitekt Knut Willie Jacobsen».



Sak 09/1288 - 04.09.2009 – org. nr. 988627720 «Arkitekt Knut Willie Jacobsen AS»:

nivå
3

SØK kl.2 Nivå 3. Det er registrert vesentleg svikt i styringssystemet
Svikta er av ei slik karakter at føretaket ikkje bør gjevast ansvarsrett.
Vesentlege forbetringar må gjerast. Forbetringane er dokumentert men ikkje teken i bruk. Registreringa fører til reaksjon i nivå 3, i samband med rundskriv HO-1/2004, pkt.8.1.
Tilliten til føretaket er svekka.
Svikta er av ein slik grad ein er i tvil om ein fortsett skal ha tillit til føretaket som ansvarleg søkjar.
Det vert her varsla om at kommunen vurderar følgjande sanksjonar:

- Tilbaketrekking av ansvarsrett.

nivå
3

PRO kl.2 Nivå 3. Det er registrert vesentleg svikt i styringssystemet
Svikta er av ei slik karakter at føretaket ikkje bør gjevast ansvarsrett.
Vesentlege forbetringar må gjerast. Forbetringane er dokumentert med nytt styringssystem men ikkje teken i bruk.
Registreringa fører til reaksjon i nivå 3, i samband med rundskriv HO-1/2004, pkt.8.1.
Tilliten til føretaket er svekka.
Svikta er av ein slik grad ein er i tvil om ein fortsett skal ha tillit til føretaket som ansvarleg søkjar.
Det vert her varsla om at kommunen vurderar følgjande sanksjonar:

- Tilbaketrekking av ansvarsrett

Sak 07/2493 - 03.04.2008 – org. nr. 988627720 «Arkitekt Knut Willie Jacobsen AS»:

nivå
3

SØK kl.1. Nivå 3. Det er registrert vesentleg svikt i styringssystemet
Tilliten til føretaket er svekka.
Føretaket registrerast av kommunen for vidare oppfølging.
Svikta er av ein slik grad ein er i tvil om ein fortsett skal ha tillit til føretaket som ansvarleg søkjar.
Det vert her varsla om at kommunen vurderar følgjande sanksjonar:

- Tilbaketrekking av ansvarsrett, ikkje gje ansvarsrett på nytt.

Vesentlege forbetringar må gjerast. Forbetringane må verte dokumentert.
Ny ansvarsrett Jf GOF § 20 nr.4.

nivå
2

PRO kl.1 Nivå 2. Det er registrert svikt i styringssystemet. Svikta er ikkje vurdert som vesentleg i samband med GOF § 20.nr.1. Føretaket bør framleis ha kommunen sin tillit.
Forbetringar må gjerast.
Registreringa fører til reaksjon i nivå 2, i samband med rundskriv HO-1/2004, pkt.8.1.
Svikt i system er av ein karakter at tilliten til føretaket er i tvil.

- Det vert her anbefalt kommunen å gi ei åtvaring til føretaket.

Brev av 27.08.2009 til sak 09/1291:

Firmaet : Arkitekt Knut Willie Jacobsen AS er et "en-manns arkitektkontor" med ,
kun 1 person ansatt, som ivaretar alle funksjonene , som vaskehjelp, "kontordame", arkitekt – og
"kvalitetssikringsleder" - o.s.v.

Av Deres brev, har jeg forståelsen av at dette må være et større kontor, p.g.a. benevnelsen AS etter navnet ?

Firmaet ble etablert da jeg gikk av som pensjonist fra Rambøll Norge AS, hvor jeg hadde den vesentlig
arbeidsoppgave med utarbeidelse av brannteknisk dokumentasjon. Således er funksjon og hensikt med dette
- et vel kjent forhold ! Skulle således ikke være noen "novise" m.h.t. dette !

Det er gjort feil ! ! - , men det har ikke oppstått noen skader p.g.a. manglende signering- og datering av
fremlagte fotos, som viser utførelsen av arbeidet som jeg har kontrollert ? ? Ingen problemer med å
innrømme dette , men sier : " Selv den beste kan gjøre feil – og nå har også gjort feil !

På saken med Rubbhallen gjorde også saksbehandler i kommunen feil ! – da det ble gitt byggetillatelse, selv
om det ikke var innsendt søknad om ansvarsrett på oppsetting av hallen ! Hvilken reaksjon har denne
forglemmelsen medført – og hva med sjekklister internt i kommunen da ?

Som grunnlag for mitt kvalitetssystem er det Arkitektforeningens sitt system **maks** som har ligget til grunn.

Videre skal det nevnes at jeg avslutter mitt aksjeselskap pr. **31.08.2009** - og fortsetter heller ikke som noe
enkeltmannsforetak. Med oppnådd en alder på 71 år - så skal jeg nå nyte de "oppsparte midler".

Det er ikke innsendt noen nye søknader fra mitt firma , til noen kommuner i landet , etter 31.07.2009, og dette
vil heller ikke skje videre ! Det er **slutt** !! Således kan Tilsynet "puste lettet ut" - da det ikke vil komme flere
"skandaløse " saker fra meg ! På prosjekter som enda ikke er behandlet i kommunene, eller som er under
utførelse, og ferdigattester ikke gitt - må jeg vel kunne ha funksjonene SØK , PRO og KPR til ferdigattester
blir gitt ? Jeg skal nøye passe på at de nødvendige kontrollerklæringer fra alle som ansvarsretter blir innsendt
i sammen med søknaden om ferdigattest.

Epost av 28.06.2009:

TILSYN

Viser til mottatt varsel , men jeg er på ferie i uke 27, . 28 og 29 .

Er hjemme i ukene 30 og 31, noe mere på farten i hele august ! Som
pensjonist har jeg 6 uker ferie + mye avspasering ! - Firmaet
mitt skal forresten opphøre 31.08.2009 - og vil heller ikke
fortsette som noe personlig enkeltmannsfpretak.

Nå som 71-åring - og med 47 års tjeneste som arkitekt , "takker jeg
av !" - er nå også grundig lei dette nye byråkratiet.

Dere kan gi meg melding om tilsyn i en av dagene i ukene 30 og 31,
eller i august, før 21.08.2009. - Senere skal dere slippe å få noen
"ufullstendige saker" fra meg !

Med vennlig hilsen
for Arkitekt Knut Willie Jacobsen AS

Knut Willie Jacobsen

Søknaden:

Etter plan- og bygningsloven § 29-1 og 29-2 skal eitkvart tiltak prosjekterast og utførast slik at Det får ein god arkitektonisk utforming og innehar gode visuelle kvaliteter både i seg sjølv og i forhold til omgjevnader og plassering. Innsendte teikningar tilfredsstill ikkje overnemnde bestemmelse.

I denne saka vert tiltakshavar sine ynskjer prioritert før myndighetskrav. Kommunen meiner at prosjektet ikkje på noko måte tilfredsstill krav til arkitektonisk og visuell utforming.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslovens § 21-4, jf. §22-3. vert det gjeve avslag på søknaden om ansvarsrett som ansvarleg søkjar i tiltaksklasse 1 og ansvarleg prosjekterande i tiltaksklasse 1. Saka vert arkivert utan vidare handsaming. Når saka er arkivert utan handsaming må det sendast inn full ny søknad. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.9	Avslag på søknad om ansvarsrett	1	2.500
10.2.11	Avvist sak	1	2.100
	Totalt gebyr å betala		4.600

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arkitekt Knut Willie Jacobsen
Trond Eknes

Lurevegen 304
Øyna 9

5912
5913

SEIM
EIKANGERVÅG